



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Ståle Furnes / 55516370

Vår referanse:
16/14729-1

Deres referanse:

Vår dato:
25.02.2016

Dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for detaljregulering av nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, Meland kommune

Statens vegvesen søker om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan, ID 1256 2010 0003, i samband med planlegging nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. I kommuneplanen fell tiltaket innafor område merka som sone «H810_2 – krav til felles planlegging» kor det ikkje kan gjerast tiltak før det ligg føre områderegulering.

I følgje planføresegnene, pkt. 4.5, skal det i dette området utarbeidast heilskapeleg plan i høve infrastruktur, kollektivterminal, innfartsparkering og utviding av areal til næringsverksemd. Statens vegvesen legg opp til at detaljreguleringsarbeidet tar vare på heilskapen mellom desse momenta og at det soleis ikkje må lagast ny områderegulering. I oppstartsmøte med Meland kommune har planen fått ID 1256 2016 0002. Plangrense for tenkt varsel om oppstart følgjer nedanfor.

Det er i dag ca. 300m gangavstand mellom innfartsparkeringa og kollektivknutepunktet. I planen vil det vere eit mål at denne avstanden kortas ned. Dagens bussar må køyre ei lang ekstrarunde for å nytte knutepunktet og kapasiteten er sprengt. I tillegg er den ikkje universell og dårleg utforma med omsyn til trafikktryggleik. Det er eit mål at alle desse momenta vert betre i nytt knutepunkt. Innfartsparkeringa har i dag plass til 69 bilar. Reguleringsplanen vil legge til rette for langt fleire parkeringsplassar, slik at fleire kan velje å sette frå seg bilen og bruke buss når dei skal reise vidare frå Flatøy mot Bergen.

Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen
Med hilsen

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Furnes Ståle

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø